




Området ved Runde

Runde har det sørlegaste fuglefjellet i Noreg. Øya ligg i eit svært produktivt havområde som er gytefelt for fleire av dei viktigaste fiskebestandane våre.

I området ved Runde finn ein fleire viktige miljøtypar, slik som gruntvassområde, djupe fjordar og kontinentalsokkel. Kontinentalskråninga ligg om lag 50 kilometer utanfor Runde og går ned til 3000 meters djup. Området er hovedgyteområde for Norsk Vårgytande Sild og er mellom dei aller viktigaste gyte- og oppvekstområda for sei, hyse og torsk. Egg og larvar driv frå gyteområda utanfor Runde til oppvekstområda i Norskehavet og Barentshavet. Naturområda ved Runde er sårbare og dermed viktige og interessante for forskning.

Runde Miljøsenster ynkjer å bygge opp fasilitetar og infrastruktur for forskning slik at ein kan gjere regionen til ein attraktiv lokalitet for fleire forskingsdisiplinar, slik som til dømes biologi, oseanografi, meteorologi, forureining og miljøteknologi.



Beliggenheit

Den freda fugleøya ligg eventyrleg plassert yttarst i havgapet, lenka saman av holmar og skjær i øyriket på søre Sunnmøre. I luftlinje ligg Runde ei mil sør for Ålesund i Møre og Romsdal. Øya har brusamband, eiga hamn og god flyforbindelse med både Ørsta-Volda og Ålesund/Vigra (1 time fra Oslo). Moglegheit for båttaxi. Hurtigruta har anløp ti minutt frå senteret.

Fly: Ørsta-Volda og Ålesund Vigra.

Buss: til Fosnavåg og vidare med buss eller taxi til Runde. Runde har brusamband.

Båt: Hurtigruta har anløp i Torvik, ti minutt frå senteret. Frå Ålesund med ferje/hurtigbåt til Hareid, vidare med buss eller bil til Runde. Runde har eiga hamn, rett utanfor senteret. Moglegheit for båttaxi.

Bil: Frå Ørsta/Volda gjennom Eiksundstunnelen (verdas djupaste undersjøiske tunnel). Frå Ålesund med ferje til Hareid.



Forskning på miljø og berekraftig teknologi innan fiske, fangst, energi og vann- og avløp



Runde Miljøsenster, 6096 Runde
Telefon: 70 08 83 00, E-post: post@rundesenteret.no

www.rundesenteret.no





Internasjonal forskningsstasjon

Runde Miljøsentret er ein internasjonal miljøforskningsstasjon, eit formidlingsenter og ein møteplass for kurs, seminar og konferansar. Senterbygget er flunkande nytt.

Sidan plassen ligg i eit freda og svært sårbart naturområde, har bygget det fremste innan miljøteknologi, med fokus på miljøvennleg bygningsmateriale, energieffektivitet, vass-sparing og gjenbruk av eige avfall og avløpsvatn.

Den grunnleggjande tanken med forskingsenteret på Runde er å etablere infrastruktur for overvaking og forskning på miljøet, samt å promotere berekraftig teknologi innan fiske, fangst og energiproduksjon. Senteret skal kunne nyttast av forskarar både frå Noreg og utlandet, og ein ynskjer å oppnå auka fokus på dei viktige havområda utanfor Møre, som er eitt av dei viktigaste gytefelta i norske farvatn.

Senteret innehaldar kontor, laboratorium og åtte leilegheiter for gjestande forskarar. I senteret er det òg auditorium, kafé og ei informasjonsavdeling som skal vise dei store biologiske prosessane som skjer i Norskehavet og samspelet mellom miljø, klima, fugl, fisk og plankton.



Kontor, laboratorium og konferanseavdeling

Runde Miljøsentret er intimt og innbyr til både effektivitet og avslapping. Konferansesenteret har kapasitet til 100 personar, med auditorium, konferanserom og eit selskapslokale med god mat.

Kontordelen ligg i 2. etasje i den vestlegaste fløya. Det er rekna inn seks lukka kontor og ein seksjon med fleire opne kontorplassar for personar på kortvarig besøk. Laboratoriet skal brukast av gjestande forskarar og faste leigetakarar. Areal er på til saman 320 m² vil vere tilpassa gjeldande krav for laboratorieverksemd. Laboratoredelen er delt opp i to seksjonar. Våtlab-delen skal brukast til skittent arbeid med bearbeiding av prøver frå sjøen etc. Der skal vere benkar og vaskar, og sluk i golvet. Våtlaben går inn som ein del av vaskestasjonen for oljeskadd fugl. Tørrlaben vil huse annan lab-aktivitet.



Forskningsenter med overnatting

Miljøsentret har 24 dobbeltrom med høg hotellstandard, fordelt på åtte leilegheiter. Leilegheitene (67m²) er utstyrt med eige kjøkken, slik at dei gjestande kan velje mellom å lage eigen mat (særleg ved lengre opphald) eller bevertning i restauranten. Alle rom har fiberoptikk. Kursenteret samarbeider med forretningshotella i nærområdet og med overnattingstader som finst lokalt på øya, som er rimelegare prismessig.

Regionalt kompetansesenter for fornybar energi

Forskningsenteret på Runde arbeider med problemstillingar omkring miljøvennleg og fornybar energi. Dette er eit stadig viktigare tema både regionalt og globalt. Marknaden for ny teknologi innanfor dette området er svært stor, og den er aukande. Vi ynskjer å motivere lokalt næringsliv til å utvikle produkt og teknologi som på lang sikt kan vere med på å oppretthalde aktiviteten innanfor mekanisk industri. Vårt bidrag til denne utviklinga vil vere:

- Samle grunnlagsdata på bølger og straum, vind og temperatur
- Arrangere konferansar
- Invitere internasjonale forskarar til å arbeide på Runde
- Knyte kontaktar mellom forskarar og industri

Runde Miljøsentret blei tidleg utpeika som forbildeprosjekt hos Enova, og har av Møre og Romsdal fylke fått status som regionalt kompetanse-senter for fornybar energi frå havet. Som ein konsekvens av forskingsaktiviteten ved Runde Miljøsentret, blir alt elektrisitetsforbruk i bygget tilført frå eit eige bølgjekraftverk, som er det første på det norske kraftnettet.

